

Protokoll fra møte i Utdanningsutvalget 19.03.2025

Stad: Nygårdsgaten 5, rom: «Sydneshaugen», kl. 09.00-12.00

I Innkalling og dagsorden

Innkallinga og blei godkjent. Rekkefølga på sak 9/25 og 7/25 blei bytta. Det blei meld inn ein sak til eventuelt.

Forfall/vara:

Petter Odden møtte for Knut C. Tornes

Anne R. Bakke møtte ikke

II Protokoll frå møtet 5. februar

Protokollen blei godkjent

III Orienteringar

Arbeidet i STEM education research center (SERC)

Sehoya Cotner frå NT-fakultetet orienterte om arbeidet i SERC, som har som overordna føremål å betre gjennomføringa på studieprogramma ved fakultetet. Verkemidla er målretta forskingsprosjekt og dialog med fagleg tilsette for å implementere og forbetre undervisningsmetodar. Slik skal SERC også bygge bru mellom forskning og undervising.

Cotner presenterte forskingsprosjektet *Gjennomføring*, der ein skal følge studentar over fleire år, og gjennom deira tilbakemeldingar identifisere kva for utfordringar dei har. På bakgrunn av undersøkingane kan fakultetet gjennomføre kunnskapsbaserte tiltak for å (mellom anna) hindre uønskt fråfall.

Sak 6/25 Rekruttering, trender og demografi, del 2/2

Sakspapira la til grunn ein samanheng mellom lågare søkartal for lærarstudia og konflikhtar knytt til arbeidsforhold og lønn for lærarar. Utdanningsutvalet kommenterte at det er uheldig å slå fast ein slik samanheng, utan at det samstundes blir underbygd empirisk.

Saka galdt søkarane til UiB sine studieprogram og kor dei kjem frå. Overordna sett så kjem omtrent halvta av førstegangssøkarane frå Vestland, og dette talet har vore svært stabilt.

Utdanningsutvalet la vekt på at det er eit mangfald mellom fakulteta, og til dels også innanfor same fakultet. På enkelte studieprogram kjem studentane frå heile landet, og stundom også utanfor. Dette gjeld særleg for dei integrerte masterprogramma, profesjonsutdanningane inkludert, der søkartalet er vesentleg høgare enn talet studentar UiB tar opp.

Utdanningsutvalet understreka at UiB bør gjere tiltak for å auke talet søkarar frå det sentrale austlandet, delvis fordi det bur flest folk der og delvis fordi det er der storparten av auka i folkesetnaden skjer. Studieavdelinga skal sende ut tal brotne ned på studieprogramnivå til fakulteta når dei er klare.

Sak 7/25 Norsk og engelsk språk i undervisinga

Saka skildra ei lovending der norsk skal vere hovudregelen, med mindre unntaket er fagleg grunngive. Det er institusjonane som vurderer det faglege, og det er gjennom førearbeida klart at handlingsrommet er rimeleg breitt.

Utdanningsutvalet peika på at UiB er eit internasjonalt universitet med mange innkomande utvekslingsstudentar. Emne i ei stor breidde av fagområde er i porteføljen som blir tilbydd desse studentane. Det er sjeldan at emne er designa berre for utvekslingsstudentar, men er høgst relevante for dei. Dette er også ein grunn til at UiB er eit ettertrakta universitet for studentar frå mange land, og til at vi har utvekslingsavtalar med institusjonar frå mange land.

Utdanningsutvalet drøfta saka ut frå fleire typiske tilfelle ein står i.

Utdanningsutvalet meiner at UiB må halde på det handlingsrommet som ligg i lova. Dette inneber at emne som er opne for innvekslande utvekslingsstudentar kan ha engelsk språk i undervisinga, og at utdanningskvalitet i tilfellet nemnd ovanfor kan vere ei fagleg grunngeving.

Sak 8/25 Revidert studentpolitisk plattform 2024-2027

Anne Aurora Ekeland Bjørkly orienterte utdanningsutvalet om revisjonar som Studentparlamentet ved UiB har gjort i den studentpolitiske plattformen. Endringane gjeld mellom anna undervising, eksamen og vurdering. Det er også lagt til eit kapittel om digitalisering, som i stor grad tar føre seg bruken av generativ kunstig intelligens i studia.

Utdanningsutvalet tok den studentpolitiske plattformen, inkludert endringane, til orientering. Utvalet ga uttrykk for at dokumentet var eit svært godt utgangspunkt for arbeid i organisasjonen på mange punkt. Det gjaldt både dei nye punkta og det som dreier seg om forskning i utdanninga og studentinnovasjon, behovet for studentbustader og meir.

Sak 9/25 Val av løsnings for LMS, digital eksamen og plagiatkontroll

Det var einigheit om at UiB bør gå inn for ein ekstern-drifta versjon av Canvas som nytt LMS, i tråd med tilrådingane frå arbeidsgruppa. UiB bør samstundes vere merksam på at dette vil ha ein innføringskostnad, og at det ligg ein risiko ved migrasjon av data til det nye LMS-et. Utdanningsutvalet understreka at omsynet til etter- og vidareutdanning må ligge til grunn for vurderingane UiB no skal gjere, saman med det vanlege studietilbodet.

Tilsvarande gjeld for nytt plagiatkontrollsystem. Her vart behovet vurdert som lågast, fordi KI er det nye plagiatet, og vil ikkje bli avdekket av eit slikt system. Utvalet var einig i at plagiatkontroll prinsipielt er eit fagleg spørsmål, og at sensorane skal ha direkte tilgang til systemet (og ikkje gå via administrativt tilsette).

Utdanningsutvalet stilte seg bak den føreslegne prosessen knytt til anskaffing av nytt eksamenssystem. Der skal det vere representantar for både administrativ og fagleg linje, frå alle fakultet.

Sak 10/25 Studentombodets årsrapport fra 2024

Studentomboda ved UiB orienterte om sitt arbeid i 2024 og understreka ei rekke forbettringspunkt i sakshandsaminga ved universitetet.

Utdanningsutvalet merka at ordninga med studentombod både bidrog til å gjere studentane sin rettstryggleik betre, og til at sakshandsaminga ved UiB hadde høgare kvalitet. Studentombodet merkte at det store fleirtalet av sakshandsamarar ikkje har formell juridisk kompetanse. Utvalet peika på at utviklinga av gode, relativt korte og lett forstålege regelverk, særleg dei utfyllande reglane til fakulteta, er ein nøkkel til sakshandsaming av betre kvalitet.

Fleire av utdanningsutvalet sine representantar hadde det siste året kjennskap til kompliserte og vanskelege saker på sine fakultet, til dømes der det blir varsla, og der universitetet

samstundes skal vurdere om ein eller fleire studentar er skikka for yrket som utdanninga fører til. Representantane understreka behovet for juridisk kompetanse i desse sakene.

Sak 11/25 Bruk av KI i undervising og vurdering

Framveksten av verktøy basert på generativ kunstig intelligens har skapt ei rekke utfordringar for undervising og vurdering, og sjølvstøtt også eit potensiale ved riktig bruk. Saka gir ei oversikt over tiltak som universitetet har gjort, både sentralt, i regi av universitetsbiblioteket og på fakulteta.

Utdanningsutvalet drøfta fleire problemstillingar knytt til KI i utdanninga:

- Behovet for å skilje mellom kva som er fornuftig og etisk (inkludert personopplysingar, opplæringsdata, mv.) bruk av KI, og kva for bruk som risikerer å falle innanfor reguleringa av fusk.
- Ein bør ikkje regulere ein viss bruk av KI som fusk dersom avdekking er nær umogleg.
- Behovet for at undervisarane både får opplæring i bruken av verktøya, og blir involverte i arbeidet med å lage eventuelle retningslinjer.
- KI må integrerast i undervisinga, og ikkje berre vere eigne kurs eller emne
- Fordelar og ulemper med retningslinjer som skal gjelde for heile institusjonen,
- Kva for krav som skal setjast ved bruk av KI i innleveringar og liknande, med tanke på tilvisingar, dokumentasjon og erklæringar.

Utdanningsutvalet ønsker at Studieavdelinga si samleside [«Studenters bruk av kunstig intelligens»](#) skal vere lettare å finne på UiB sine nettsider.

Sak 12/25 (eventuelt) Fagkritisk dag

SV-fakultetet melde i møtet frå om ei sak til eventuelt, som handlar om fagkritisk dag, og særleg kva for status dagen har ved UiB. Dei peika mellom anna på at omtalen av fagkritisk dag blei fjerna frå studieforskrifta i siste revisjon av henne. Utdanningsutvalget ønsker å diskutere retningslinjer for fagkritisk dag på et seinare møte.